



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 21. mai 2018

Sak

2018/0101 Utsikten Leirstad – org. nr. 912 720 896 – klage over avslag på søknad om kompensasjon for meirverdiavgift

Til stades: Vara for leiar Audgunn Syse, medlem Åse Gustavsen og medlem Ingjald Sørhøy

Bakgrunn i saka

Utsikten Leirstad (klagar) søkte 29. august 2017 om kompensasjon for meirverdiavgift for rekneskapsåret 2016. Klagar søkte om 31 017 kroner i kompensasjon etter dokumentert modell.

Lotteritilsynet avslo søknaden 5. oktober 2017, med den grunngjeving at organisasjonen sin hovudaktivitet er utleige av Utsikten Leirstad, og at drift- og vedlikeholdskostnader som gjeld bygg, anlegg eller anna fast eigedom for utleige ikkje gir rett til kompensasjon etter § 7 andre ledd. Sidan organisasjonen sine kostnader i all hovudsak er knytt til aktivitet som ikkje har rett til kompensasjon, vil organisasjonens kostnader som gir rett til kompensasjon vere under minstegrensa på 14 000 kroner.

Klagar klaga på vedtaket 20. oktober 2017. Klagar gjer greie for at Utsikten Leirstad er eit tilbod for alle ungdommar, på tvers av politisk overtyding, religion og samfunnslag. Midlane går til å byggje ei ramme i fjellheimen, der ein kan fremme friluftsliv, samhald og folkehelsa. I all hovudsak går midlane til å lage ei trygg ramme, samt nye tiltak som har som mål å fremje aktivitet og trivsel. Klagar gjer vidare greie for at grunnen til at klagar har hatt moglegheit til å tilby 2000 ungdommar denne opplevinga året før, mellom anna var at klagar fekk godkjend kompensasjon for meirverdiavgift. Det vises til klagen i sin heilhet.

Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om sitt vedtak og sendte klagen med innstilling til Lotterinemnda for behandling 20. februar 2018.

Det rettslege grunnlaget

Det rettslege grunnlaget for ordninga er forskrift 15. april 2013 nr. 386 om kompensasjon for meirverdiavgift for frivillige organisasjonar.

Av forskrifta § 7 åttande ledd går det fram at "Kompensasjon ytes ikke for drifts- og vedlikeholdskostnader som gjelder bygg, anlegg eller annen fast eiendom for

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

utleie, med unntak av utleie til andre ledd eller aksjeselskap i samme organisasjon som kommer innenfor målgruppen for ordningen."

Etter dokumentert modell er det ei minstegrense på 14 000 kroner i meirverdiavgiftskostnader for enkeltstående søkjer, jf. forskrifta § 8 andre ledd, første punktum.

Ordninga kompenserar for kostnader basert på årsrekneskapet eit år tilbake i tid, jf. forskrifta § 1 første ledd andre punktum.

Etter forvaltningslova § 34 kan klageinstansen prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. Klageinstansen kan sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemnda si vurdering

Utsikten Leirstad sin klage gjeld Lotteritilsynets vedtak 5. oktober 2017 om å avslå søknaden om kompensasjon for meirverdiavgift.

Det går frem av klagar sitt årsrekneskap for 2016 at kostnadene i all hovudsak er knytt til drift og vedlikehald av Utsikten Leirstad. Dette er kostnader som ikkje kompenserast, jf. forskrifta § 7 om at det ikkje gis kompensasjon for drifts- og vedlikehaldskostnader som gjeld bygg, anlegg eller anna fast eigedom for utleige.

Når kostnadene knytt til drift, vedlikehald, straum og forsikring er trekt ut av søknadsgrunnlaget, kjem dei resterande søknadsmidlane til klagar under minstegrensa på 14 000 kroner i meirverdiavgiftskostnader, jf. forskrifta § 8 andre ledd.

Konklusjon

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfesta Lotteritilsynet sitt vedtak.

Vedtak

Klagen vert ikkje teken til fylgje.

Dokumentet er godkjent elektronisk